


OSTERØY KOMMUNE


Plan

Merknader kommunedelplan planprogram for sjø og strandsone 2015-2025

Journal post	Avsendar	Område/gnr	Merknad	Kommentar
14/167 54	Jon Anders Birkeland	Hjellvik, 118/120	Område med frådelte naustetomter i eksisterande naustmiljø bør ha føremål «naust» i planen.	Gjeld spesifikk arealendring. Vert teken med vidare i arbeidet med planen.
14/179 12	Statens vegvesen		<p>Peikar på at det ikkje er tatt høgde for trafikktryggleik i samband med eventuelt auka aktivitet i delar av strandsona. Ber om at det må gjerast ei utgreiing av korleis auka aktivitet og bruk av strandsona vil påverka trafikktryggleiken. Parkering må løysast slik at det ikkje vert parkert i fylkesvegen.</p> <p>Statens vegvesen er generelt kritisk til nye avkøyrslar til fylkesveg. Utvida bruk av eksisterande avkøyrslar vil ikkje verta godkjende dersom dei ikkje er i samsvar med gjeldande tekniske krav.</p> <p>Rår til at det vert stilt krav til parkering, at byggjegrenser i rammeplan for avkøyrslar vert fulgt og at retningslinje T-1442 vert fulgt opp.</p>	<p>Verknadar av konkrete tiltak på infrastruktur vil verta vurdert i ei konsekvensutgreiing.</p> <p>Andre merknadar vil verta innarbeida i planforslaget.</p>
14/188 17	Fylkesmannen i Hordaland		<p>Generelt positiv til fokuset på auka tilgjenge og tilgang til sjø. Akvakultur er eit omfattande tema i planen og bør vera teken inn i dei overordna målsetningane til planen.</p> <p>Det vert i tillegg peika på at konsekvensutgreiinga må vera tufta på kunnskap om Osterfjordsystemet sin funksjon for villaksen. Verneregimet i nasjonale laksevassdrag og laksefjordar og omsyn til dei aktuelle laksestammene i området må leggjast til grunn.</p>	<p>Merknadar teken til orientering. Det er no ikkje lagt opp til ein auke i talet på akvakulturlokalitetar men ein reduksjon. Kva type akvakultur og mengde biomasse er ikkje avklara gjennom denne planen. Ein konkret vurdering av verknadar på naturmiljø i bør gjerast gjennom akvakulturloven når ein har informasjon om bruken av den enkelte lokalitet.</p>
14/188 21	Arve Mjøs, Aksel og Kari Mjøs		Innspel om konkrete arealendringar. Desse gjeld turveg frå Hoshovde til Heldal, badeplass og molo mot Heldalsholmen, bru til Heldalsholmen og båthamn.	Konkrete innspel vert ikkje vurdert i planprogrammet. Innspela vert vurdert i sjølve utarbeidinga av planen.



14/188 78	Fiskeridirektoratet Region Vest		<p>Viser til at planprogrammet gjev god oversikt over tema og målsettingar knytt til forvaltning av strandsona. Peikar på at i høve til revisjon av akvakulturområda er planprogrammet mangfullt. Det må spesifiserast nærmare kva som er målsettingar og strategien for akvakulturområda.</p> <p>Viser til at målsettinga om å redusera talet på akvakulturområde for å frigjera areal til anna arealbruk ikkje er i samsvar med nasjonale forventingar til kommunen si arealplanlegging. Ein avgjerande faktor for å kunne nytte havbruksnæringa sitt produksjonspotensial er tilgang på eigna areal til sjømatproduksjon og at areala som vert sett av til dette føremålet, vert nytta på ein best mogleg måte.</p> <p>Ber generelt om at kommunen legg til rette for at fiske kan føregå utan at anna arealbruk kjem til hinder for dette. Sjøområde som er viktig for fiskeri bør setjast av med føremål «Fiske».</p> <p>Ber om at viktige marine naturtypar, spesielt gyteområde for torsk og ålegras, sikrast mot tiltak som kan vera uheldige.</p>	<p>Merknadane vert vurdert i arbeidet med planen. Målsettinga med planen er ta vekk akvakulturområde som ikkje er i bruk eller det er interesse i å oppretthalde. Kommunen ynskjer ikkje bandleggja areal til arealbruk der dette ikkje er aktuelt, men heller sjå på areal til akvakulturføremål der det er trond for areal, noko som er i tråd med statlege forventingar til communal planlegging.</p>
14/188 89	Odd Roar Aalborg		<ol style="list-style-type: none">Viser til manglande namn og feil plassering av namnKonflikt mellom privat og allmenn bruk av strandsona bør unngås. Eksisterande bebygde areal bør avmerkast som disponert til privat bruk. Framtidige byggjegrenser bør ikkje leggast inn til fasade på hus på sjøsida. Bebygde tomter treng ikkje byggefobodssone mot sjø.Arealbehov langs strandsona for byggeflet på Heldal og Hoshovde må sikrast i planen.	<ol style="list-style-type: none">Tatt til orientering.Friluftsloven regulerar kva område som er opne for fri ferdsel. Kommunen vil ikkje i planen setje restriksjonar på område som i utgangspunktet er opne for fri ferdsel.Vurderingar av båtplass og badeområde med meir vil verta vurdert i planen.



OSTERØY KOMMUNE

Plan

Merknader kommunedelplan planprogram for sjø og strandsone 2015-2025

			<p>Tilgang til sjø for båtplass, bading og friluftsliv må leggast inn i planen for Heldal hyttefelt og Hoshovdestølen bustadfelt. Hoshovdes strandsone og Heldalsholmen bør bevarast, saman med dei eksisterande naustgruppene.</p> <p>4. Skogssona langs austsida av Sauvika bør bevarast.</p> <p>5. Lokalitet for fiskeoppdrett nær Krossneset bør fjernast.</p> <p>6. Ulik fauna i området, som til dømes kattugle, hauk, havørn, svane, gråhegre, hjort, ekron, mink, mår, rev og oter.</p> <p>7. Landskapsformasjoner ved Lonevågen bør varig vernast.</p>	<p>4. Vil verta vurdert.</p> <p>5. Lokalisering av akvakulturområde er tema i planen og vil verta vurdert.</p> <p>6. Tatt til orientering.</p> <p>7. Område med viktige landskapskvalitatar skal ivaretakast i planen.</p>
14/188 95	Linda Svidal		Uttale på vegne av bebuarar i bustadfelt på Nedre Vikne. Viser til at strandsona i feltet er markert som utilgjengeleg grunna sterk helning. Ber om at strandsona som er i tilknyting til feltet vert ein del av planen, med bakgrunn i at det er ynskje om å gjera strandsona tilgjengeleg for bebuarane i feltet.	Strandsona her er ein del av planen. Konkrete innspel til framtidig bruk kan spelast inn til kommunen på eige skjema som vert lagt ut på heimesidene i januar 2015.